




SSR - SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

ÅRSMELDING 2015



Saman tek vi vare på ressursane



Avfall er ein nyttig ressurs!

Vi treng ressursane i framtida

Takk for at du kjeldesorterer!



INNHALD

«Det grønne skiftet»	s 4
Høgdepunkt 2015	s 6
Restekjærleik	s 8
Nedgravne løysingar - ei estetisk og brukarvenleg avfallsløysing	s 10
Avfallshierarkiet	s 11
Avfall per innbyggjar 2015	s 12
Eigarmelding	s 14
Styrets årsmelding og rekneskap	s 16
Revisors beretning	s 26

DET GRØNE SKIFTET

«Det grønne skiftet» vart kåra til årets ord av Språkrådet i 2015 og er det mest brukte nyordet.

Utfordringa med stadig aukande CO2-utslepp og mangel på viktige ressursar som fosfor er ikkje ny, men omgrepet «det grønne skiftet» har vore med på å ramme inn diskusjonen om klima- og energispørsmål og gitt ny giv i den miljøpolitiske debatten. «Det grønne skiftet» handlar både om reduksjon i klimaotslepp og betre ressursutnytting. Omgrepet omfattar også ein verdiskapingsdimensjon med fokus på sysselsetting og velferd gjennom ny miljøvenleg teknologi. «Det grønne skiftet» er kort fortalt ein vedvarande endringsprosess mot eit meir berekraftig samfunn der vi nyttar avgrensa ressursar betre og smartare.

«Sirkulær økonomi» er eit anna viktig omgrep som festa seg godt i 2015, og EU-kommisjonen fremma 2. desember 2015 ein offensiv handlingsplan for ressurseffektiv, sirkulær økonomisk utvikling i Europa. I motsetning til ein tradisjonell lineær økonomisk modell som er basert på bruk og kast, er ein sirkulær økonomi basert på gjenbruk, ombruk, reparasjon og materialgjenvinning der færrest mogleg ressursar går tapt. Avfall er eit av dei største områda ein kan gripe fatt i for å realisere den «sirkulære økonomien» ved å gjenvinne avfallet til nye råvarer og nye produkt eller til energi om materialgjenvinning ikkje er mogleg.

EU sin handlingsplan for sirkulær økonomi set klare krav for hushaldningsavfallet, men fokuserer lite på næringsavfallet som tross alt er 75% av den totale avfallsmengda. Om den sirkulære økonomien skal vere berekraftig og utgjere ein stor forskjell for miljøet, må også konkurranseutsett næringsliv ha forpliktingar. EU set mål om 60 % materialgjenningsgrad innan 2025 og 65 % materialgjenningsgrad innan 2030 for hushaldningane. Dette er oppnåelege mål om vi gjer klare prioriteringar og grep. Søre Sunnmøre Reinholdsværk kan rapportere 58,76 % materialgjenningsgrad for 2015 og har i strategiplanen eit ambisiøst mål om 70% materialgjenningsgrad innan 2019. Selskapet vil i 2018-2019 innføre innsamling av matavfall som eigen



fraksjon og dette vil utgjere ei naturleg auke i materialgjenningsgrad. I tillegg vil selskapet halde auka trykk på informasjon- og motivasjonskampanjar om kjeldesortering for å motivere abonnentane til å sortere meir og betre.

Sirkulær økonomi handlar ikkje berre om renovasjon og kjeldesortering, men også auka krav til produktdesign og materialbruk, reparasjon og auka kapasitetsutnytting. I dag er samfunnet prega av overforbruk på alle område der vi kastar enorme mengde med mat og der dei fleste heimar har store mengder klede, sko, utstyr, leiker og ting som aldri blir brukt.

Heldigvis ser vi endring i forbrukartrendane, der det er blitt populært å handle brukt i staden for nytt. Bruktmarknaden har fått eit løft med gode nettsider og arenaer på sosiale mediar som gjer det enklare for folk å kjøpe, selje og bytte brukte varer. Dette merkar ein spesielt på sportsutstyr og utstyr til born,

der familiar kan spare fleire tusen kroner om dei nyttar bruktmarknaden. Også ombruk og redesign har stadig aukande omfang, og ein ser stadig fleire forum der ein kan lære om og hente inspirasjon til redesign og ombruk av møblar og klede. Det store matsvinnet får også stadig meir merksemd, og både butikkar og restaurantar tek gode grep for å minke matsvinnet. Den siste tida har vi også blitt kjend med restaurantar og catering som spesialiserer seg på restemat og gourmetmat av utgatte varer til ein billig pris.

Søre Sunnmøre Reinholdsværk vil fortsette å jobbe aktivt med haldningsskapande arbeid og bevisstgjeringsom avfallsreduksjon, gjenbruk, ombruk og kjeldesortering. Som eit stort miljøelskap i regionen er det ein sjølvfølge at selskapet skal bidra til at omgrep som det «grønne skiftet» og «sirkulær økonomi» blir omsett i praksis gjennom små og store grep.

Høgdepunkt 2015



Annmari Skeide
frå Ulsteinvik



Sigrun Voldsund
frå Bølandet

Vinnarar Returkartonglotteriet

SSR fekk to heldige vinnarar i Returkartonglotteriet i 2015! Sigrun Voldsund frå Bølandet og Annmari Skeide frå Ulsteinvik, vann heile kr 10.000 kvar då deira kartongkubbar vart trekte ut frå SSR sin papp- og papirinnsamling.

Alle som skyl, brettar og stappar seks kartongar inn i ein sjuande og skriv namn og telefonnummer på kartongkubben, er automatisk med i konkurransen. For skulemelk-kartongar gjeld fire kartongar i den femte.



Ta sjansen under Trebåtfestivalen

SSR deltok på Ta Sjansen under Trebåtfestivalen i 2015. Den flotte SSR-bilen var laga av gjenbruksmateriale frå miljøstasjonen. Martine Holm og Jan Ove Hoddevik designa og laga den flotte bil-båten. Jan Ove og Linn Urke Osnes var deltakarar på sjølve konkurransen, og fekk ein flott 2-plass!



Strandryddedagen og 17. mai rydding

Søre Sunnmøre Reinholdsverk har gjennom fleire år vore engasjert i den nasjonale Strandryddedagen som er organisert av Hold Norge Rent. I 2015 organiserte selskapet i samarbeid med kommunane Hareid, Ulstein, Sande og Herøy aksjonar i alle kommunane. Heile 24 aksjonar vart registrert med 21495 meter strandlinje rydda og innrapportert innsamla mengde på 3010 kilo. I samarbeid med Runde Miljøsentor og Janne Bareksten (mastergrad i marin forsøpling), arrangerte vi

ein temakveld om marin forsøpling på Runde Miljøsentor. Her fekk dei som møtte opp, god og lærerik informasjon om konsekvensane av marin forsøpling både lokalt og globalt, samt praktisk informasjon om deltaking i ryddeaksjonen.

SSR hadde også i samarbeid med kommunane, ryddeaksjonar til 17-mai, der store område vart rydda av frivillige, skular, lag og organisasjonar.

Besøk i skular og barnehagar

Vi fekk gleda av å besøke fleire skular og barnehagar i 2015. Almejordet barnehage i Ulsteinvik er ein av barnehagane vi har hatt eit kjekt og lærerik samarbeid med. Vi har vore på besøk i barnehagen med kjeldesorteringsstafett der borna gjennom lek fekk kunnskap om korleis ein skal kjeldesortere avfallet. Dette skapte stort engasjement og vi har fått melding frå foreldre som seier det har blitt meir fokus på kjeldesortering i heimen etter besøket! Born frå Almejordet barnehage har også vore modellar for SSR, og frontar fleire kampanjar i brosjyrer og reklamemateriell. Tusen takk!



SSR har varierte, artige og lærerike miljøopplegg for ulike aldersgrupper, og vil gjerne besøke enda fleire skular og barnehagar!

To nye komprimatorbilar



I midten av desember fekk SSR to nye komprimatorbilar av merket Volvo. Desse vart leverte av Wist Last og Buss AS. Desse to renovasjonsbilane har også ei ny type bunt-klype som ein kan felle ut frå dunke-liften. Denne løysinga forenkler arbeidet for renovatøren ved henting av papp- og plastbuntar.



Møtet med kunden

Informasjon og kommunikasjon er eit satsingsområde for selskapet. Vi ønskjer difor å møte innbyggjarane i ulike samanhengar for å dele informasjon om selskapet, tenestene og ikkje minst auke kunnskap og engasjement kring kjeldesortering. I 2015 besøkte vi mellom anna Ressurscenteret på Hareid, LINK mottak i Ulsteinvik, loppe-marknaden på Sunnmøre Folkehøgskule og hadde stand under Smak av Ulstein. Vi hadde også to møter med dialoggruppa med representantar frå abonnentane våre. Desse møta er verdifulle for selskapet då vi får mange gode innspel frå abonnentane.



«Best før» betyr ikkje «dårleg etter»
Grunnen folk først og fremst oppgir for å kaste mat, er at maten er utgått på dato. Øydelagt mat skal ein sjølv sagt ikkje spise, men merkinga «best før», viser tidspunktet for når produsenten meiner at maten er på sitt beste. Etter denne datoen bruker du sansane dine. Luktar maten godt? Ser fargen frisk ut? Smakar maten normalt? Produkt som egg, yoghurt, ost og rømme kan tåle lang tid etter datoen. Bli trygg på eiga vurdering - her kan du stole på sansane dine.

Set deg eit miljømål
Østfoldforskning sin rapport om matsvinn i 2013 viser at ein familie på fire kastar om lag fire brød, fjorten bananar og seks tallerkar med middagsrestar kvar måned. Om Øyvind og familien bestemmer seg for å redusere matavfallet med 25% i 2016, er dette eit mål dei når - om dei vil. Ved å gjere nokre gode grep i handlerutiner

og matlaging, kan dei redusere både miljøbelastning og eigen pengebruk.

I følge SSB, brukte kvart hushald over femti tusen kroner på mat og drikke i 2012. Når familien kastar ein femtedel av maten, betyr dette at familien kan spare godt over tusenlappen kvar måned på å kjøpe riktig mengde mat.

La restematen bli starten på ein ny rett
Så står du der altså med gårtdagens havrebrød og vurderer kva du skal gjere med det. Kva om du lagar krutongar av det, bakar det inn i ei ny brøddeig eller ganske enkelt ristar brødsnivene? Treng du inspirasjon og gode idéar, er nettet fullt av gode idéar. Å gjere miljøsmarte val er noko både du og miljøet tener på.

SSB, Forbruksundersøkelsen 2012 og matvett.no

Du står med gårtdagens brød i hendene. Skal du spise eller kaste det? Stopp opp litt - akkurat der. Det du har i hendene, er ein mulighet til å spare miljøet og pengar på samme tid.

Vi skal snakke meir om havrebrødet ditt, men la oss først følge familiemannen, som vi kallar Øyvind, på handletur. Øyvind fyller handlevogna si og kjem heim med fem fulle bereposar med mat. Han plasserer varer frå fire posar i hyller og skap. Den femte posen, fylt med ferske brød, frukt og middagsmat, kastar han rett i avfallsdunken. For Øyvind er ein heilt vanleg mann, som i gjennomsnitt

kastar kvar femte matvarepose han handlar. Maten er fullt spiseleg, mykje av emballasjen er uopna.

Hundre og nitti tusen brød kvar dag
Øyvind sin familie på fire, kastar eit brød i veka. For å produsere dette brødet har Nobels Fredssenter rekna ut at det blir brukt over to kvadratmeter matjord. Når nordmenn

kastar hundre og nitti tusen brød kvar dag, trengs fire hundre mål matjord berre for å produsere brød som aldri blir spist.

For gårtdagens brød, som du står med i handa, blir ofte vurdert som avfall. Det samme blir nylig utgåtte egg, ostar, rømme eller litt slappe grønnsaker. Dette er eit miljøproblem vi heldigvis kan gjere noko med.



Når familien kastar ein femtedel av maten, betyr dette at familien kan spare godt over tusenlappen kvar måned på å kjøpe riktig mengde mat.

Øyvind

5 matvareposar

Øyvind hiv kvar femte pose rett i avfallsdunken.

Nordmenn kastar hundre og nitti tusen brød i søpla kvar dag!

Nordmenn kastar i gjennomsnitt 46,3 kg mat per år!



Visste du at...

EGG held seg lengre enn merkinga viser. Legg eit egg ned i vatn. Om egget flyt, er det utgått. Synk det til botnen, kan du spise egget.

MEIERIPRODUKT held ofte fleire veker etter datoen er passert.

OST blir ofte betre etter datomerkinga.

Ha litt vatn på brød som ikkje er ferske -legg dei i varm omn og du har eit «ferskt» brød

Bad slappe grønnsaker i kaldt vatn, så blir dei friskare.

Hugs at vakuumpakka mat luktar når du opnar. Lukta forsvinn når kjøtet er spiseleg



Tre enkle tips:

Planlegg matinnkjøp

Skriv handleliste og planlegg riktig mengde mat. Unngå impulsjøp.

Restetorsdag kvar veke

Restar er starten på ein ny rett. Bruk nettet og finn nye oppskrifter med restar som basis.

Tips: restemat.no

Stol på sansane - det går bra

Best før betyr at du kan vurdere sjølv. Lukt på maten, sjå på fargen. Virkar maten grei, så er han gjerne godt eigna.



Nedgravne løysingar - ei estetisk og brukarvenleg avfallsløysing

Det var med spenning selskapet starta planlegging av det fyrste prosjektet med nedgrave avfallsløysing i Halsekerdalen 20 og 22 i 2014. Løysinga viste seg raskt å fungere godt, og satsinga med fleire anlegg starta for fullt i 2014/2015. Sidan då har selskapet etablert ti anlegg og har fleire nye prosjekt under arbeid.

I løpet av 2015 fekk selskapet etablert fire nye prosjekt med nedgrave avfallsløysing; Sjøside, Høddvoll og Myrane byggefelt i Ulstein og Voksa (fritid) i Sande. I tillegg var dei to nye anlegga i Joakimbakken i Ulstein og Hareid Group på Hareid, klare like over nyttår 2016.

Den estetiske utforminga, reinslegheit og at løysinga har stor kapasitet og alltid er tilgjengeleg, gjer at kundane melder om stor tilfredsheit med løysinga. SSR er også svært nøgde med løysingane, og har ikkje vore plagd med forureining og forsøpling. Vi ønskjer å etablere mange fleire anlegg

i framtida, og ser på nedgravne løysingar som ei framtidsretta løysing som berre vil bli meir etterspurd i framtida.

Det er viktig at vi kjem tidleg inn i nye byggeprosjekt som vurderer nedgrave avfallsløysing, slik at vi kan tilpasse og utforme anlegget til å bli mest mogleg brukarvenleg. Dei fleste anlegga vi har per i dag, har tre tankar; ein for restavfall, ein for papp og papir og ein for plastemballasje. Ved innføring av matavfall som eigen fraksjon, vil ein kunne nytte ein tank til både papp/papir og plastemballasje. For næringskundar er det opp til kvar enkelt kor mange tankar ein ønskjer.

Framover vil vi også jobbe for utvikling av fleire anlegg for fritidsrenovasjon då vi trur slike estetiske løysingar med tilgangskontroll vil føre til mindre forsøpling og mindre misbruk frå uvedkomande. Minst to nye prosjekt for fritidsrenovasjon vil vere klare i løpet av 2016, på Larsnes og Kvamsøy.

Nedgrave avfallsløysing er også ei god løysing i vêrharde område, og selskapet ser for tida på moglegheiter for nedgrave løysing i vêrutsette byggefelt for å unngå problematikk med velta dunkar, avfall på avvege og skade på bilar og bygg.

Avfallshierarkiet

Avfallshierarkiet er ein illustrasjon av dei nasjonale måla for avfall. Det viktigaste, og mest utfordrande målet i samband med avfall, er avfallsreduksjon.



SSR arbeider med avfallsreduksjon gjennom informasjon og haldningsskapande arbeid som motiverer folk til å handle mindre av det ein ikkje treng, tenkje kvalitet i staden for kvantitet, handle brukt der ein kan og bruke kreativiteten til ombruk og redesign.

Å redusere mengda avfall i eit samfunn med økonomisk vekst og stadig aukande forbruk er ei stor utfordring, men vi ser heldigvis

at forbrukartrendane er i ferd med å endre seg. Vi hadde ein total avfallsnedgang på 87 tonn frå 2014 til 2015 der 62 tonn av dette er grovavfall. Dette er ei svært positiv utvikling som vi håper vil fortsette i åra som kjem!

For å unngå at avfall blir danna, bør ein nytte seg av bruktmeknaden der ein kan - bytte, kjøpe og selje møblar, klede, sko og utstyr. Vi ser ein aukande trend her, og det er også blitt enklare å bytte, kjøpe og selje brukte varer på internettisider og sosiale medier.

Ein kan også tenkje kreativt når det gjeld korleis ein nyttar ting; noko som ikkje lengre kan nyttast til sitt opprinnelege formål, kan kanskje gjere nytte for seg som noko anna. Ombruk og redesign er stadig meir populært og ein kan finne mykje inspirasjon i bøker, magasin, bloggar og idésider på internett.

Når det gjeld ombruk, er det private aktørar som jobbar med dette. UFF og Fretex har plassert ut containerar som tek imot klede og sko. Vi har også fleire bruktboutikkar i kommunane som tek imot brukte fine ting som kan seljast vidare.

Under ser du ein illustrasjon av fordelinga av avfallet som SSR samlar inn med utgangspunkt i avfallshierarkiet.

Samanheng mellom hushaldningavfall og behandlingsmåtar

MATERIALGJENVINNING

Plastemballasje: 177 tonn
Glas- og metallemballasje: 272 tonn
Metall: 257 tonn
Farleg avfall: 30 tonn
Grein- og hageavfall: 2300 tonn
EE-avfall: 196 tonn
Papp, papir, kartong og drikkekartong: 1685 tonn
Organisk/kompost: 22 tonn
EPS: 14 tonn
Gjenvunne materialer etter energigjenvinning: 1055 tonn

OMBRUK: 158 tonn

58,76 %

(inkudert ombruk)
2015: 6008 tonn
2014: 6539 tonn

ENERGIGJENVINNING

Treverk: 166 tonn
Restavfall: 4000 tonn
Grovavfall: 1012 tonn
Farleg avfall: 97 tonn

1055 tonn blir materialgjenvunne etter forbrenning (metall som ligg igjen etter forbrenning).

40,21 %

2015: 4220 tonn
2014: 3948 tonn


DEPONI

Avfallsreduksjon:
- 87 tonn
(10 494 tonn i 2015 mot
10 581 tonn i 2014)

1,03 %

2015: 108 tonn
2014: 94 tonn

KG avfall per innbyggjar 2015



Klede og sko til gjenbruk per innbyggjar

6,3 kg

Nordmenn forbrukar i gjennomsnitt 35 plagg per person per år og minimumsatsen FN har beregna er 8 plagg per person per år. (Kilde: UFF) Fretex, UFF og Renotec.

Kjøper du eit brukt klesplagg i staden for eit nytt kvar måned, bidreg du til å spare utslepp av nesten 500 kilo CO2 i løpet av eitt år. (Kilde: Fretex)

FRAKSJON	2015	2014	TYPE GJENVINNING	LEVERT TIL	BRUKT TIL (DØME)
Papp/papir	1685	1770	Material	Rekom/Norsk Gjenvinning / Ranheim	Avispapir/emballasje
EE-avfall	196	186	Material	El-Retur	Metall/plastprodukt/energigjenvinning
Plastemballasje	177	141	Material	Grønt Punkt Norge	Plastprodukt
Organisk (kompost)	22		Material	Heime komposering	Jord
Glas- og metallemballasje	272	278	Material	Syklus	Emballasje/isolasjon/metall/glas
Metall	257	241	Material	Div. metallreturfirma / Franzefoss	Metall
Farleg avfall	30	127	Material	Diverse firma / Franzefoss	Energigjenvinning/glas/metall
EPS	14	0	Material	Norsk gjenvinning	Ny EPS (eks fiskekasser)
Grein- og hageavfall	2300	2800	Kompost	Eigenregi	Jordforbetningsmiddel
Materialgjenvunne etter energigjenvinning	1055	988			
Til materialgjenvinning totalt	6008	6539			
Treverk	166	62	Energigjenvinning	Tafjord Kraftvarme	Fjernvarme/elektrisitet
Restavfall	4000	3800	Energigjenvinning	Tafjord Kraftvarme	Fjernvarme/elektrisitet
Groavfall	1012	1074	Energigjenvinning	Tafjord Kraftvarme	Fjernvarme/elektrisitet
Farleg avfall	97		Energigjenvinning	Tafjord Kraftvarme	Fjernvarme/elektrisitet
Til energigjenvinning totalt	4220*	3948*			
Klede/sko (Fretex/UFF)	158**		Gjenbruk / ombruk	Fretex / UFF	Gjenbruk / redesign / pussefiller / filleryer
Deponi	108	94	Deponi/energi	Franzefoss	Deponi
Totale mengder	10494	10581			

2014
423,24 kg

2013
422 kg

2012
494 kg

EIGARMELDING 2015

1. BAKGRUNN OG FORMÅL MED EIGARMELDINGA

1.1 Styringsdokument.

Styret legg til grunn tre sentrale styrande dokument for arbeidet sitt:

- Selskapsavtale
- Eigarstrategi
- Selskapsstrategi

Eigarmeldinga skal behandlast av representantskapet og framleggast som orientering for eigarkommunane saman med årsrekneskapet.

Meldinga skal rapportere i forhold til gjeldande eigarstrategi og selskapsstrategi, og gi informasjon om planlagde endringar i tenestetilbodet, nasjonale føringar, samt vesentlege endringar i kostnadsnivået for selskapet.

2. OPPFØLGING AV MÅL FOR 2015

2.1 Generelt om SSR sine mål

SSR sin visjon, slik den er vedtatt i strategisk plan for 2016 - 2019, er

2.3 Faktisk måloppnåing vedr. avfallsmengder (hushaldning):

Fraksjon / fokusområde:	2012	2013	2014	Mål 2015	2015	Mål 2016	Mål 2017	Mål 2018	Mål 2019
A* Total mengde hushaldningsavfall	12 023 tonn	10 560 tonn	10 581 tonn	10 500 tonn	10 494 tonn	10 600 tonn	10 700 tonn	10 800 tonn	10 900 tonn
B* Volum / vekt til energigjenvinning (grønedunken)	3600 tonn	3800 tonn	3800 tonn	3885 tonn	4000 tonn	3815 tonn	3745 tonn	3670 tonn	3160 tonn
C* Energigjenvinningsgrad	31,02 %	37,25 %	37,31 %	37 %	40,21 %	36 %	35 %	34 %	29 %
D* Materialgjenvinningsgrad	68,14 %	61,99 %	61,80 %	62 %	57,25 %	63 %	64 %	65 %	70 %
E* Ombruk i % / tonn	-	-	-	-	1,51/158	-	-	-	-
F* Til deponi	0,84 %	0,76 %	0,89 %	1 %	1,03 %	1 %	1 %	1 %	1 %
G* Farleg avfall / spesialavfall pr. innb.	3 kg	5 kg	5,1 kg	5,5 kg	5,06 kg	6 kg	8 kg	10 kg	12 kg
H* Grein- og hageavfall	5000 tonn	3200 tonn	2800 tonn	2800 tonn	2300 tonn	3000 tonn	3000 tonn	3000 tonn	3000 tonn
I* Avfall pr. innbyggjar	494 kg	422 kg	423 kg	420 kg	418,39 kg	420 kg	420 kg	420 kg	420 kg

A* = Total mengde hushaldningsavfall for heile SSR-regionen. Målet er avfallsreduksjon, jfr. punkt I, men dette kan vere utfordrande med bakgrunn i høg levestandard og høgt forbruk - velstand.

B* = Levert hushaldningsavfall til Tafjord Kraftvarme AS (Grautneset).

C* = Energigjenvinningsgrad (av total mengde hushaldningsavfall). 20 % av det som går til Tafjord Kraftvarme AS går til materialgjenvinning.

«Framtidsretta og lokalmiljøbedrift - nær brukarane».

Strategisk plan slår fast at SSR skal bidra til at husstandane i eigarkommunane blir mellom dei beste i landet på kjeldesortering og med det bidra til at dei fire eigarkommunane når miljø- og klimamåla sine.

SSR skal tilby renovasjonstenester som møter miljøkrav, er kostnadseffektive og brukarvennlige.

Selskapet sluttførte i 2015 arbeidet med ein ny strategisk plan for selskapet. Gjennom denne er det vedtatt strategiske mål for realisering av eigarstrategien.

Selskapet sine strategiske mål er mellom anna knytt til økonomi, miljø og kundetilfredsheit. I tillegg skal selskapet oppfylle eigarane sine forventingar til kostnadseffektiv drift.

God kundetilfredsheit og godt omdømme er viktig for SSR, og selskapet har lagt ned mykje arbeid i kontakt med abonnentar og

grupper av abonnentar i 2015. Arbeidet ser ut til bere frukter med ei kraftig auke i kundetilfredsheitsgrada i 2015.

Arbeidet vidare blir mellom anna å formidle kunnskap om selskapet sine målsettingar på miljøområdet, kva som skjer med avfallet som blir samla inn og samanhengen mellom servicenivå og prisnivå.

2.2 Resultatmål miljø

Basert på dette er det definert offensive resultatmål innanfor følgjande område:

- Energigjenvinningsgrad og materialgjenvinningsgrad.
- Deponeringsgrad og mengde farleg avfall pr. innbyggjar.
- Avfallsreduksjon og kundetilfredsheit.

I tillegg skal selskapet:

- Ha ei synleg og aktiv rolle som samfunnsaktør.
- Bidra til at kommunane når klimamåla sine.
- Levere ei kostnadseffektiv teneste til konkurransedyktige prisar.
- Sørge for auka kundetilfredsheit gjennom målretta arbeid med konkrete tiltak.

2.4 Oppsummering måloppnåing

SSR er tilfredse med resultatet innanfor det som går på deponi. Men selskapet har enno mykje å hente på det som går på materialgjenvinning. Viktigaste tiltaket for å auke grada av dette er nok å vurdere utsortering av matavfall (våtorganisk avfall).

Mengda greinavfall er også ganske høgt i vårt område og dette påverkar naturleg nok materialgjenvinningsgrada positivt, men volumendringane gjer også at ein får store utslag på måleparametera kvart år.

Grada av kundetilfredsheit ligg føre skjema og dette er positivt.

3. SPESIELLE FORHOLD I 2015

3.1 Driftsåret 2015

Også 2015 har økonomisk og driftsmessig vore eit særst godt år for SSR, og ein har fått eit endå meir solid sjølvkostfond på hushaldning. Det gir selskapet meir handlegfriheit, og eit solid fundament er viktig med tanke på framtida og planlagde utbyggingar og endringar i henteordningar.

Elles er lite snø, slaps, is og vind positivt for abonnentane og selskapet.

4. PLANLAGDE ENDRINGAR

4.1 Nytt hovudanlegg for selskapet og nye miljøstasjonar

Selskapet arbeider vidare med utbygging av selskapet sine anlegg. Strukturelle endringar i avfallsbransjen, spesielt med tanke på innhenting/fraksjonar og nedstraumløysingar, i tillegg til nasjonale og internasjonale krav, gjer at selskapet er nøydde til å tenke nytt i åra som kjem. Anlegg og henteordningar må tilpassast den nye miljøkvardagen.

4.2 Kommunikasjon og utadretta arbeid

Kommunikasjonsarbeidet har særst høg prioritering og dette vil halde fram vidare. Stikkord er synlegheit, proaktivitet og vidareutvikling av elektronisk kommunikasjon.

4.3 Diverse forhold

Ryddesaksjonar, ruter for innhenting av grovavfall og samarbeid med grendalag og velforeiningar er under vidare vurdering og må også sjåast i samanheng med det generelle servicenivået og selskapet sin visjon: «Framtidsretta og lokal miljøbedrift - nær brukarane». Elles er det viktig å streke under at service- og tenestenivået heng tett

saman med prisnivået og desse må heile tida sjåast i samanheng.

Eit anna viktig element er henteordningar kontra bringeordningar. Tendensar på landsbasis kan tyde på at det blir fleire fraksjonar med henting heime hos abonnentane. Selskapet følgjer også nøye med på utviklinga her. Det same gjeld område som biogass, noko som vil krevje større regionale løysingar. Elles er nedgravde løysingar ein stor suksess i området vårt.

Det blir også kontinuerlig jobba med å finne nedstraumløysingar som gir dei beste løysingane med tanke på vedvarande endringsprosess mot eit meir berekraftig samfunn der vi nyttar avgrensa ressursar betre og smartare. Som eit stort miljøsekskap i regionen, er dette høgaktuelt i forhold til selskapet sitt framtidige tenestetilbod og ikkje minst kva selskapet kommuniserer. SSR vil bidra til at omgrepet «det grønne skiftet» blir omsett i praksis gjennom små og store grep med fokus på avfallsreduksjon, gjenbruk, ombruk, redesign og auka materialgjenvinningsgrad.

5. DIALOG MED EIGARANE

5.1 Dialog med eigarane skjer i ulike formelle og uformelle fora og møter

Representantskapet

Det er halde 3 møter i representantskapet i 2015. Det siste var eit reint konstitueringsmøte etter valget. Leiar i representantskapet i 2015 har vore Knut Erik Engh, ordførar i Ulstein kommune. Styreleiar har løpande kontakt med leiar av representantskapet i viktige saker.

Andre møter

I samband med budsjettering og andre aktuelle saker som skal utførast i kommunane, vert det etter behov halde møter med aktuelle kommunar. Frå SSR møter normalt dagleg leiar, men ved spesielle saker kan andre representantar frå administrasjonen møte - så vel som frå styret.

Kommunene sine klimaplaner

I vurderingar av SSR sine prioriteringar og satsingsområde, er det naturleg å bruke eigarkommunene sine klimaplaner som ei rettesnor for vegen vidare. Ein har kome lengst i arbeidet med informasjonsdelen ut i frå kommunene sine tiltakslistar, men også andre område er under kontinuerlig vurdering i det daglege arbeidet. Eksempel på dette er arbeidet med avfallsreduksjon (som kan vere utfordrande i ei tid der avfallsmengdene aukar), materialgjenvinning av plast, returpunkt og nedgravde løysingar (som minkar transportbehovet).

6. VERKSEMDA I ÅRA SOM KJEM

«Det grønne skiftet» vart kåra til årets ord

av Språkrådet i 2015 og er det mest brukte nyordet. Sirkulær økonomi er også eit viktig omgrep.

Utfordringa med stadig aukande CO₂-utslepp og mangel på viktige ressursar som fosfor er ikkje ny, men omgrepet «det grønne skiftet» har vore med på å ramme inn diskusjonen om klima- og energispørsmål og gitt ny giv i den miljøpolitiske debatten. «Det grønne skiftet» handlar både om reduksjon i klimautslepp og betre ressursutnytting. Omgrepet omfattar også ein verdiskapingsdimensjon med fokus på sysselsetting og velferd gjennom ny miljøvenleg teknologi. «Det grønne skiftet» er kort fortalt ein vedvarande endringsprosess mot eit meir berekraftig samfunn der vi nyttar avgrensa ressursar betre og smartare. Som eit stort miljøsekskap i regionen, er dette høgaktuelt i forhold til selskapet sitt framtidige tenestetilbod og ikkje minst kva selskapet kommuniserer. SSR vil bidra til at omgrepet «det grønne skiftet» blir omsett i praksis gjennom små og store grep med fokus på avfallsreduksjon, gjenbruk, ombruk, redesign og auka materialgjenvinningsgrad.

I den sirkulære økonomien har EU - og dermed Norge - sett eit mål om å kome opp i 70 % materialgjenvinning / ombruk før år 2030. Av ein eller annan grunn gjeld dette kun hushaldningane. Det er litt merkeleg sidan rundt 75 % av den totale avfallsmengda er næringsavfall.

Det vil krevje stor grad av omstillingsevne hos selskapet - og ikkje minst til hushaldningane si atferd og eigarskap til det selskapet arbeider med.

Matavfall / våtorganisk avfall som henteordning blir ein ny fraksjon heilt på slutten av 2018 eller tidleg i 2019. Ein større gjennomgang av satsinga på hageavfall er også under planlegging. Største utfordringa her er nedstraumløysingane. Krava til korleis slikt avfall skal handsamast er blitt såpass strenge at det vil krevje stor kreativitet for å løyse utfordringane innanfor akseptable økonomiske ramar.

Kommunikasjon vil fortsatt ha høgaste prioritet i åra som kjem. Eit trekk er at tradisjonelle kanalar ser ut til å bli mindre og mindre aktuelle som informasjonskanalar for abonnentane våre. Meir informasjon bør ut elektronisk (sms, renovasjonsapp) og / eller via selskapet sine nettsider - i tillegg til at tømekalendaren er populær som informasjonskanal.

Måltal for kundetilfredsheit:

2012	2013	2014	2015	Mål 2016	Mål 2017	Mål 2018	Mål 2019
62 %	67 %	66 %	70 %	71 %	72 %	73 %	75 %

Målet er at grada av kundetilfredsheit skal auke for kvart år framover.

1. STYRET SI SAMANSETTING

Styret har i 2015 bestått av:

George Fulford, styreleiar
Einar Warholm, nestleiar
Gro Anita Engh, styremedlem
Håkon Vestnes, styremedlem
Edel Kvalsund Goksøy, styremedlem
Margaret Leinebø, styremedlem
Ole Andreas Sæther, styremedlem, valgt av og blant dei tilsette

Det har vore 11 styremøter og 72 saker er behandla i 2015.

2. VERKSEMDA OG OPPSUMMERING

Selskapet driv miljøretta innsamling, transport og sortering av avfall frå hushaldningar. Vidare driv selskapet avgrensa og tilsvarande verksemd mot næringslivet – der dette er hensiktsmessig for å realisere selskapet sine strategiske mål.

Årets ordinære resultat er på 2.786.273 kroner. Etter skatt på kroner 90.188, er årsresultatet på kroner 2.696.085. Styret er tilfredse med dette resultatet.

Sjølvkostfondet har auka gjennom resultatet for 2015. Sjølvkostfondet er ved årsskiftet i pluss med kroner 12.746.000. Dette fondet vil kome abonnentane til gode ved at selskapet i åra som kjem kan tilby effektive og miljømessige tenester til kundane, og også at selskapet står godt rusta til å gjennomføre dei store planlagde investeringane dei komande åra. Desse investeringane er særleg knytta til miljøstasjonar og nye fraksjonar / løysingar.

3. REPRESENTANTSKAP

Representantskapet består av politisk valgte representantar frå kvar av dei 4 eigarkommunane. Knut Erik Engh er leiar av representantskapet. Det har vore 3 møter i representantskapet i 2015. Selskapet har, utover formelle møter, løpande og god kontakt med selskapet sine eigarar.

4. EIGARFORHOLD, SELSKAPSFORM OG FORMÅL

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS (SSR) er organisert som eit interkommunalt

selskap. Selskapet er eigd av kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein.

Selskapet skal oppfylle kommunane sine plikter knytta til hushaldningsavfall etter forureiningslova og gjeldande selskapsavtale. Dette inneber at SSR skal ivareta dei praktiske oppgåvene rundt avfallshandtering og slam som kommunane er pålagde i forureiningslova. SSR skal bidra til å bevare eit fysisk miljø i regionen som er reint og helsemessig forsvarleg, og som oppfyller kommunane sine plikter knytt til hushaldningsavfall etter forureiningslova.

SSR utøver si verksemd med utgangspunkt i Saunesmarka i Ulstein kommune, men utfører elles det praktiske arbeidet med innhenting av avfall over heile området.

Selskapet sluttførte i 2015 arbeidet med ny strategisk plan for selskapet. Den nye visjonen er «Framtidsretta og lokal miljøbedrift – nær brukarane». Gjennom strategisk plan er det fastsett strategiske mål for realisering av eigarstrategien. Selskapet skal oppfylle eigarane sine forventingar til kostnadseffektiv leveranse av tenester innan miljø og avfall. Selskapet sine strategiske mål er mellom anna knytt til økonomi, miljømål og kundetilfredsheit. Selskapet legg også vekt på å balansere målstyring og ønskjer å optimalisere forholdet mellom miljø, abonnentar og kostnader.

Selskapet sine strategiske mål er:

- Selskapet skal stå for miljøretta innsamling, transport og sortering av avfall frå hushaldningar. Det omfattar mottak, sortering og gjenvinning av avfall.
- Selskapet skal forvalte enkle og kvalitetsmessig tilfredsstillande løysingar for abonnentane.
- Selskapet skal søke å realisere eigarane sine miljømål og klimaplaner ved at verksemda er basert på avfallsførebygging i høve til avfallshierarkiet.
- Selskapet skal realisere eit brukarvennleg avfallssystem.
- Selskapet skal vere ein synleg samfunnsaktør som gjennom kommunikasjon skal vere ein

tydeleg haldningsskapar i avfalls-, miljø- og klimarelaterte spørsmål i eigarkommunene.

God kundetilfredsheit og godt omdøme er viktig for SSR. Selskapet har lagt ned mykje arbeid i kontakt med abonnentar og grupper av abonnentar i 2015. Det er også vedtatt ein ny kommunikasjonsstrategi for selskapet med grunnlag i eigarstrategi og strategisk plan. Målet er mellom anna å formidle kunnskap om kjeldesortering og kor hen avfallet hamnar – i tillegg til å formidle kunnskap om avfall som ressurs. Dette er nødvendig for å realisere stadig aukande nasjonale krav til innsamling og behandling av avfall.

«Det grønne skiftet» og sirkulær økonomi er omgrep som blir stadig meir aktuelle for korleis selskapet både skal arbeide og kommunisere. Avfall er ein ressurs som det er viktig å halde i kretsløpet gjennom ombruk og materialgjenvinning, i staden for bruk og kast-mentaliteten som har vore vanleg i den lineære økonomien. I tillegg er det ei målsetting å hindre at avfall blir skapt, noko som er utfordrande i eit velstandssamfunn. Det blir også stadig viktigare å nytte fornybare ressursar i staden for dei som er ikkje-fornybare, og avgrensa ressursar – som t.d. fosfor – er viktig ikkje går tapt.

5. SELSKAPET SI VERKSEMD I 2015

I dei 4 eigarkommunane er det over 25 000 innbyggjarar, vel 10 000 privatabonnentar, 29 returpunkt for glas- og metall (der fleire av desse returpunktta har fleire glasigloar), 3 miljøstasjonar og 2 greinplassar.

SSR syter sjølv for produksjon av tenestene og har bygd opp eit renovasjonstilbod til husstandane. Dette er selskapet si kjerneverksemd. Ansvaret for renovasjon omfattar innsamling, transport og avsetning av hushaldningsavfall i eigarkommunane frå husstandar, returpunkt og miljøstasjonar.

Selskapet sitt tilbod omfattar også innsamling, transport og avsetning av næringsavfall i avgrensa omfang. Selskapet driv denne verksemda primært fordi denne tenesta inneber ein gunstig påverknad på selskapet si

verksemd. Dette medfører lågare priser for tenestene, ikkje minst på grunnlag av meir effektiv bruk av selskapet sine driftsmiddel.

Styret har også i 2015 vidareført arbeidet med å forbetre og trygge selskapet si kjerneverksemd.

6. FØRESETNAD FOR VIDARE DRIFT

Føresetnaden for vidare drift er til stades og årsrekneskapen for 2015 er satt opp under denne føresetnaden.

Omfanget av næringskundar omfattar etter styret si vurdering ingen økonomisk risiko av betydning.

Rekneskapsføring knytta til næringskundar vert halde åtskilt frå sjølvkostrekneskapen for hushaldningkundar. Det same gjeld for den delen som handlar om slamtøming.

7. ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING

Selskapet sysselsette i 2015 29 årsverk. Dette er fordelt på 27 fast tilsette og vikariat for å dekke opp for sjukdom, ferie og anna fråver. I desse tala ligg det også inntak av midlertidig arbeidskraft på grunn av store avfallsmengder, ferieavvikling, etc. Den daglege drifta er underlagt dagleg leiar Einar Heimdal.

SSR kjøper bedriftshelseteneste hos Stamina Helse AS. Desse er involvert i arbeidet med endringar og forbetringar saman med og i dialog med leiinga og tillitsvalde / verneombod – i tillegg til det vanlege bedriftshelsetenestearbeidet.

Totalt sjukefråver utgjør 6,79 % (9,11 % i 2014). 1,90 % (2,05 % i 2013) av dette er korttidsfråver (eigenmeldingar). Langtidsfråveret er på 4,89 % (7,06 % i 2014). SSR har i 2015 ikkje hatt alvorlege personskader knytta til selskapet si verksemd. Styret vurderer utviklinga som tilfredsstillande, men vil likevel følgje utviklinga nøye.

Selskapet arbeider kontinuerleg med kompetanseutvikling av selskapet sine medarbeidarar. Selskapet legg til grunn at det skal vere likestilling mellom kjønna og det praktiserast lik lønn for likt arbeid, der ein tek omsyn

til alder og erfaring. Av styret sine 7 medlemmer er 3 kvinner. Av selskapet sine 6 medlemmer av leiargruppa er 3 kvinner. Det er ei målsetting at det skal vere full likestilling mellom kvinner og menn i SSR. Renovasjonsarbeidet har tradisjonelt vore eit mannsdominert yrke, spesielt ute på bilane, og dette har ført til at delen kvinner ikkje er så stor som ein kunne ønske. Styret ønskjer å auke kvinneandelen også på innhentingdelen.

Det er ikkje satt i verk spesielle tiltak i samband med likestilling.

8. YTRE MILJØ OG MILJØRAPPORTERING

Kontordrifta forureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet si øvrige verksemd forureinar i avgrensa grad det ytre miljøet.

Som ansvarleg for å levere renovasjonstenester til over 10 000 husstandar er det eit betydeleg transportinnslag i dette arbeidet. Selskapet prøver å legge opp gode og rasjonelle transportløysingar der miljøomsyn er tillagt stor vekt. Det vil, når det er praktisk muleg, bli vurdert å nytte biogass på selskapet sine køyrety.

Sluttbehandling av den totale innsamla avfallsmengda skjer på ein miljømessig forsvarleg måte, og etter gjeldande lover og reglar på området.

Gjennom aktivt å søke å realisere dei generelle miljømåla som eigarar og samfunn set for selskapet si verksemd, mellom anna ved systematisk å vidareutvikle ei moderne ordning for kjeldesortering, meiner styret at gjeldande krav til miljø og forureining er tatt hand om. Selskapet har også i 2015 sendt ut sorteringskalendar for 2016. Denne skal medverke både til betre kjeldesortering og som viktig informasjon til abonnentane.

9. SAMFUNNSANSVAR

Selskapet opptrår ansvarleg innanfor område som arbeidsgivarpolitikk, etikk og deltaking i kunnskapsutvikling og utviklingstiltak. Selskapet arbeider aktivt for å fremje likestilling, sikre like mulegheiter og rettigheter, og dermed hindre diskriminering. Selskapet

ønskjer på denne måten å oppfylle diskrimineringslova sin intensjon og formålet der, så langt som selskapet kan påverke dette.

Samfunnsansvaret er ein integrert del av selskapet si verksemd og ansvaret blir uttrykt gjennom dei strategiane, tiltaka og aktivitetane som SSR planlegg og gjennomfører. Samfunnsansvar kjem til uttrykk gjennom måten selskapet forvaltar dei ressursane selskapet disponerer, og gjennom selskapet sin dialog med tilsette, eigarar, kundar og øvrige interessentar i lokalsamfunnet.

10. KUNDEFOKUS OG BRUKARVENNLEGHEIT

Selskapet legg stor vekt på at tenestetilbodet skal vere brukarvennleg, slik at det skal vere enklast muleg for innbyggjarane å kjeldesortere og ta miljøvennlege valg.

Tenestetilbodet i SSR fungerer generelt sett godt, og dei fleste innbyggjarane er flinke til å kjeldesortere. Selskapet meiner likevel at det fortsatt er eit potensial for endå betre sortering i hushaldningane, og driv difor med løpande kampanjar og haldningsskapande arbeid.

Selskapet har som mål at i løpet av 2018 skal våtorganisk hentast som eigen fraksjon og henteordning for glas- og metallemballasje i alle kommunane blir vurdert. Undersøkingar syner at slike forbetringar i tenestetilbodet kan bidra til auka sortering og dermed betre miljøgevinst.

Det vil i 2016, 2017 og 2018 bli bygd moderne gjenvinningsstasjonar i Saunesmarka, på Mjølstadneset og i Myklebustmyrane. Styret forventar at dette vil bidra til endå betre kjeldesortering og dermed ein miljøgevinst.

I tråd med samfunnsutviklinga og myndighetene sin politikk, legg selskapet opp til aukande bruk av elektronisk kommunikasjon med kundane. Bruk av papirbasert kommunikasjon blir forsøkt redusert tilsvarande. Kjeldesorteringskalendaren på papir vil over tid bli avvikla og erstatta med web

og telefonbaserte løysingar. Ei enkel papirbasert oversikt vil bli tilbode til brukarar som ikkje nyttar de elektroniske løysingane.

I kundedialogen blir det lagt stor vekt på å få fram budskapen om kva avfallet blir til og kva miljøgevinst gjenvinning har.

11. ÅRSREKNEKAP OG FINANSIELL RISIKO

Sum driftsinntekter utgjer kr 45.298.405. Det gode resultatet skuldast auke i inntektene og god kontroll på driftskostnadene.

Driftsinntektene utgjer gebyr som vert betalt av den enkelte abonnent i dei fire eigarkommunene. Inntekt frå næringsverksemda utgjer ca kr 5.916.000 og ca kr 3.581.000 kjem frå slamtøming (som er eit nullspel og ikkje tatt med i renovasjonsrekneskapet).

Årsrekneskapet for 2015 er gjort opp med eit driftsresultat på kr 2.852.591,- og eit årsresultat etter finans og skatt på kr 2.696.085,-.

Resultatet for hushaldningsrekneskapet syner eit overskot på kr 1.901.000,-, medan overskotet for næringsverksemda før årets skattekostnad utgjorde kr 963.420,-.

Styret føreslår at overskotet for næringsverksemda vert overført til dekking av tidlegare udekkte tap. På denne posten manglar det no kroner 95.647,- før ein er i pluss på eigenkapitalen.

Eit sjølvkostfond skal hindre store prisutslag frå år til år og skal gå i balanse over 3-5 år. Renovasjonsgebyret skal dekke alle kostnader med innhenting og avfallshandtering for hushaldningane.

Selskapet hadde pr 31.12.14 eit positivt sjølvkostfond på kr 10.845.000,-. Det vil seie at innbyggjarane i dei fire kommunene hadde dette til gode. Med eit overskot på hushaldningsdelen i 2015 på kr 1.901.000, har ein pr. 31.12.2015 eit sjølvkostfond i pluss med kr 12.746.000. Styret er godt tilfredse med denne utviklinga.

Selskapet har god likviditet.

Etter styret si oppfatning gir det framlagde resultatrekneskapet og balanse med tilhøyrande notar god informasjon om drifta og stillinga ved årsskiftet.

Det er heller ikkje kome inn forhold etter årsskiftet som har betydning for bedøminga av årsrekneskapet for 2015.

Styret vurderer at selskapet si økonomiske og finansielle stilling er tilfredsstillande. Styret meiner at årsrekneskapet gir eit rett bilde av selskapet sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Styret meiner at den forretningsmessige og finansielle risikoen for selskapet si verksemd er lav. Det er då også lagt vekt på selskapsforma som inneber at selskapet sine eigarar har ansvar for selskapet sine plikter.

12. FRAMTIDSUTSIKTER

Ny strategisk plan er eit viktig verkemiddel i arbeidet med å realisere selskapet sine målsettingar og eigarane sine forventingar. Dette. I denne planen er nye nasjonale og internasjonale føringar tillagt stor vekt, samt at det er eit ønske om å synleggjere krav til selskapet med omsyn til effektivitet, kundetilfredsheit og miljø.

Styret vil også i 2016 prioritere tiltak som gir auka kundetilfredsheit og betre omdøme.

Selskapet vil også ytterlegare styrke arbeidet med å vere ein positiv samfunnsaktør innan det miljøretta arbeidet. Dette er mellom anna tenkt gjennom vidare satsing på informasjon og anna utadretta arbeid.

Selskapet vil i 2016 og dei komande åra stå overfor store investeringar ved bygging av nye miljøstasjonar. Dette vil stille store krav til prosjektstyring og kostnadseffektivitet. Styret meiner at selskapet både kompetansmessig og kapitalmessig står godt rusta til å gjennomføre byggeprosjekta på ein tilfredsstillande måte.

13. EIGARSTYRING OG LEIING AV SELSKAPET

SSR forvaltar og driftar ei lovpålagt verksemd på vegne av eigarkommunene. Denne verksemda er i stor grad underlagt nasjonale og internasjonale krav. Dette er rammebetingelsar som selskapet i lita grad kan påverke.

Selskapet sin organisasjon og leiing vert i dag vurdert som tilfredsstillende sett opp mot selskapet si verksemd.

14. ARBEIDSÅRET 2015

Styret vil rette ein takk til selskapet sine medarbeidarar. 2015 har, i periodar, vore krevande for dei tilsette på grunn av høge krav til omstilling og fordi verksemda berører mange.

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2015	2014
Salsinntekt		45 189 820	44 283 026
Anna driftsinntekt		108 586	101 891
Sum driftsinntekter		45 298 405	44 384 917
Varekostnad		11 414 811	11 342 451
Lønskostnad	2, 3	16 497 377	14 780 069
Ordinær avskrivning	5	2 916 240	2 412 117
Nedskrivning	5	1 773 557	338 414
Annan driftskostnad	2, 6	9 843 829	9 927 296
Sum driftskostnader		42 445 814	38 800 347
Driftsresultat		2 852 591	5 584 570
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		280 647	533 053
Anna finansinntekt		12 527	10 983
Anna rentekostnad		359 492	412 059
Resultat av finanspostar	14	-66 318	131 977
Ordinært resultat før skattekostnad		2 786 273	5 716 546
Skattekostnad på ordinært resultat	8	90 188	0
Årsresultat	10, 11	2 696 085	5 716 546
Overføring			
Avsett til dekning av tidlegare udekt tap		795 085	845 546
Avsett til sjølvkostfond		1 901 000	4 871 000
Sum overføringar	10, 11	2 696 085	5 716 546

Ulsteinvik, 11. mars 2015


George Fullford
styrelseiar


Einar Warholm
nestleiar


Gro Anita Engh


Edel Kvalsund Goksøyr


Margarete Leinebo


Håkon Vestnes


Ole Andreas Sæther


Einar Heimdal
dagleg leiar

EIGEDELAR	Note	2015	2014
Anleggsmiddel			
Immaterielle eigedeler			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	5	23 396 959	12 695 072
Maskinar og anlegg	5	8 616 091	7 144 580
Driftslausøyre, inventar, verktoy, kontormaskinar	5	753 327	3 152 088
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og partar		447 135	409 291
Sum anleggsmiddel		33 213 512	23 401 031
Omløpsmiddel			
Kundefordringar		1 075 381	4 512 244
Opptent inntekt		1 085 000	1 122 000
Andre kortsiktige fordringar		1 795 017	2 460 271
Investeringar			
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	19 380 550	3 536 891
Sum omløpsmiddel		23 335 947	11 631 406
Sum eigedelar		56 549 459	35 032 437
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Opptent eigenkapital			
Udekt tap		-95 647	-890 732
Sum eigenkapital	11, 12	-95 647	-890 732
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Andre avsetjingar for plikter	9	57 260	942 172
Øvrig langsiktig gjeld			
Pantelån	7, 13	37 010 150	16 766 490
Sum anna langsiktig gjeld		37 067 410	17 708 662
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		2 863 218	3 742 456
Betalbar skatt	8	90 188	0
Skyldige offentlege avgifter		1 291 680	1 112 264
Sjølvkostfond	10	12 746 000	10 845 000
Anna kortsiktig gjeld	10	2 586 611	2 514 788
Sum kortsiktig gjeld		19 577 697	18 214 507
Sum gjeld		56 645 106	35 923 169
Sum eigenkapital og gjeld		56 549 459	35 032 437

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med reknepslova, lov om interkommunale selskap og God rekneskapskikk for små føretak.

Leiinga har brukt estimat og føresetnadar som har påverka resultatrekneskapen og verdsettinga av eigedelar og gjeld, samt usikre eigedelar og forpliktingar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapen i samsvar med god rekneskapskikk.

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester inntektsføres i takt med utføringa.

Anleggsmiddel omfatter eigedelar bestemt til varig eige og bruk. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmiddel balanseføres og avskrivast over driftsmiddelet si økonomiske levetid.

Varige driftsmiddel nedskrivast til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventast ikkje å vere forbigåande. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av nettosalverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av framtidige kontantstaumar knytta til eigedelen. Nedskrivninga reverserast når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er tilstades.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfatter postar som forfell til betaling innan eit år etter anskaffelsestidspunktet, samt postar som er knytt til varekretslopet. Omløpsmiddel vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Kundefordringar og andre fordringar oppføres til pålydande etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. Legalpanten høyrer til kvar av eigarkommunane og vil tre i kraft dersom ein ikkje klarer å krevje inn gebyra ein har til gode mot hushaldningskundar på vanleg måte.

Selskapet har ei offentlig kollektiv pensjonsordning for sine ansatte. Fra og med 2014 er det valgt å ikkje balanseføre nettoppensjonsforplikting. Innbetalingar til ytelsesbasert pensjonsordning kostnadsføres løpande.

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytt til næringskundar. Skattekostnaden i rekneskapen omfattar betalbar skatt i perioden.

Driftsmidla si fordeling er gjenstand for årleg revisjon basert på faktisk bruk. På bakgrunn av variasjon i bruk er det valgt å ikkje bokføre utsatt skatt/skattefordel i rekneskapet då denne lar seg vanskeleg berekne.

Verksemda som er knytt opp mot hushaldningskundane er regulert av Forureiningslova. I henhold til Forureiningslova § 34 skal kostnadane for desse kundane dekkast fullt ut gjennom gebyrinntektene. I henhold til retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester utgitt av Kommunal- og Regionaldepartementet, kan over- eller underskot framføres innanfor eit 3- til 5- års perspektiv for å utjevne svingningar i inntekter og kostnader. Det utarbeidast særskilt sjølvkostrekneskap. I balansen klassifiserast akkumulert over- og underskot henholdsvis som kortsiktig gjeld og kortsiktig fordring.

Rekneskapsprinsippa er for øvrig nærare omtalt i tilhøyrande notar til dei enkelte rekneskapspostane.

Ulsteinvik, den
Styret i Sør Sunnmøre Reinholdsværk IKS

George Harold Fullford
Styreleiar

Einar Hermann Kristoffer Warholm
Nestleiar

Gro Anita Eng
Styremedlem

Edel Kvalsund Goksøy
Styremedlem

Ole Andreas Sæther
Styremedlem

Håkon Vestnes
Styremedlem

Margareth Leinebo
Styremedlem

Einar Heimdal
Dagleg leiar

NOTE 2 LØNSKOSTNADAR, ANTALL ÅRSVERK, GODTGJERSLE M.M.**Revisor**

Det er i 2015 kostnadsført kr. 85 000,- (eks. mva) i ordinært revisjonshonorar og kr. 57 000,- (eks. mva) vedrørende andre tenester levert av revisor.

Lønskostnader		2015	2014
Løn		12 618 720	11 128 387
Arbeidsgiveravgift		2 035 170	1 819 750
Pensjonskostnader		1 369 975	1 413 877
Andre lønsrelaterte ytingar		473 512	418 055
Sum		16 497 377	14 780 069
Antall årsverk sysselsatt		29	27
Ytingar til leiarde personar	Daglig leiar	Styret	Repr. skap
Løn	813 897		
Pensjonskostnader	16 280		
Andre godtgjersler	8 532	267 690	31 491
Sum	838 709	267 690	31 491

Framtidig pensjonspremie vil påvirkast av avkastning, lønsvekst og utvikling i folketrygda sitt grunnbeløp.

Selskapet har pensjonsordningar som omfattar i alt 28 aktive personar og 13 pensjonistar pr 31.12.2015. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av antall oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktingane er dekkja gjennom eit forsikringselskap.

NOTE 3 PENSJONSKOSTNADAR, -MIDLAR, -FORPLIKTINGAR

Selskapet er forpliktta til å ha pensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet sine pensjonsordningar tilfredsstiller krava i denne lov. Selskapet har ei offentleg kollektiv pensjonsordning for sine ansatte i KLP Forsikring. Den offentlege tenestepensjonsordninga gir ved full opptening ein alderspensjon som saman med folketrygda sine ytingar utgjer ein samla pensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget. Føretaket har også offentleg AFP-ordning for dei ansatte.

NOTE 3 PENSJONSKOSTNADAR, -MIDLAR, -FORPLIKTINGAR FORTS.

	2015	2014
Årets pensjonskostnad	1 369 975	1 413 877
Spesifikasjon av pensjonsforpliktingar		
Berekna pensjonsforpliktingar pr 31.12.	21 997 055	22 312 843
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) pr 31.12	-15 224 114	-14 555 086
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	-4 574 756	-6 915 910
Arbeidsgiveravgift	954 985	1 093 844
Netto pensjonsforpliktingar (ikkje balanseført)	3 153 170	1 935 691
Berekna pensjonsforpliktingar pr 31.12	22 312 843	20 821 004
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) pr 31.12	-14 555 086	-13 142 431
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	-6 915 910	-5 441 751
Arbeidsgiveravgift	1 093 844	1 082 679
Netto pensjonsforpliktingar (ikkje balanseført)	1 935 691	3 319 501

De aktuarmessige føresetnadane er basert på vanlege nytta føresetnader innan forsikring når det gjeld demografiske faktorar.

NOTE 4 BUNDNE MIDLAR

Av bankinnskot vedrører kr. 662 263,- innskot på skattetrekkkonto.

NOTE 5 VARIGE DRIFTSMIDLAR - FINANSIERING

	Tomter, bygningar m.m.	Maskiner, anlegg, bilar, m.m.	Driftsløsøre, inventar, kontorm.	Sum
Anskaffingskost 1.1	22 343 916	16 154 661	9 496 981	47 995 558
Tilgang kjøpte driftmidlar	11 627 260	2 506 654	330 520	14 464 434
Avgang til anskaffingskost	-	-	-	-
Anskaffingskost 31.12	33 971 176	18 661 315	9 827 501	62 459 992
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12	-9 068 268	-9 838 557	-7 155 826	-26 062 651
Akkumulerte nedskrivningar pr. 31.12	-1 505 949	-206 667	-1 918 350	-3 630 966
Bokført verdi pr. 31.12.	23 396 959	8 616 091	753 327	32 766 377
Årets avskrivningar	925 373	1 035 143	955 724	2 916 240
Årets nedskrivningar	-	-	1 773 557	1 773 557
Økonomisk levetid	0-50 år	3-10 år	5-10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	
Langsiktig finansiering pr. 01.01.				16 766 490
Opptak nye langsiktige lån				21 000 000
Betalte avdrag i år				-756 340
Langsiktig finansiering pr. 31.12.				37 010 150

NOTE 6 LEIGE DRIFTSMIDLAR

Løpande leasingavtalar på vesentlege driftsmiddel pr 31.12.:

Type	Avtala inngått	Avtala utgår	Årets kostnad
Man lastebil UF 47195	okt.10	okt.15	446 542
Man lastebil UF 47524	nov.10	nov.15	455 990
Scania lastebil UF 53466	mar.12	mar.17	365 682
Scania lastebil UF 53467	mar.12	mar.17	365 682
Volvo lastebil UF 69870	des.15	des.20	17 067
Volvo lastebil UF 69932	des.15	des.20	17 228
Sum			1 668 191

Det er ikkje forskuddsleige for nokon av leigeobjekta.

NOTE 7 LANGSIKTIG GJELD

Gjeld som forfell meir enn 5 år etter rekningsårets slutt:

	2015	2014
Gjeld til kredittinstitusjonar	31 294 000	12 985 000
Sum	31 294 000	12 985 000

NOTE 8 SKATTAR

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytta til næringskundar. Oversikt over midlertidige forskjellar:

	2015	2014
Skattemessig underskot til framføring	-	-431 618
Sum midlertidige forskjellar og underskot til framføring	-	-431 618
Utsatt skattefordel	-	116 537
Anvendt skattesats	25 %	27 %

NOTE 8 SKATTAR FORTS.

Nedanfor er det gitt ein spesifikasjon over forskjellen mellom det rekneskapsmessige resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag.

	2015	2014
Resultat næringsverksemd før skattekostnad	963 420	920 033
Permanente forskjellar	-197 772	-237 065
Årets skattegrunnlag før underskot til framføring	765 648	682 968
Anvendning av skattemessig underskot	-431 618	-682 968
Årets skattegrunnlag	334 030	-

Skattekostnaden i rekneskapet består av følgende poster:

	2015	2014
Betalbar skatt	90 188	-
Endring utsatt skatt	-	-
Årets skattekostnad	90 188	-

NOTE 9 AVSETNING FOR FRAMTIDIGE FORPLIKTINGAR FOR DEPONI

Selskapet har i henhold til Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall § 9-15, forpliktingar knytta til framtidige miljøkrav relatert til sikring av deponi og anlegg, i ein periode etter at verksemda ved deponiet er avvikla. Selskapet har slike forpliktingar knytta til det nedlagte deponiet på Eidet i Hareid kommune.

Selskapet har økonomisk verksemd på deponiområdet, denne verksemda er ikkje på sjølve deponiet, men kun på deponiområdet. Verksemda omfattar ein del verksemd knytta til handtering av rejectvatn frå slamtøming og handtering av hage- og greinavfall for kommunane Hareid og Ulstein. Inntektene frå denne verksemda, saman med tidlegare avsetning, er pr. 31.12. kalkulert til å vere nok til å dekke kostnadene med etterdrifta av deponiet fram til 2039. Det kan vere naturleg å føreta ein etterkalkulasjon om nokre år.

	2015	2014
Avsetning frå tidlegare år	942 172	1 208 299
Medgatte kostnader i året	-975 101	-452 022
Auka avsetning i året	90 189	185 895
Avsetning 31.12.	57 260	942 172

NOTE 10 SJØLVKOSTFOND OG MELLOMREKNING MOT EIGARANE

Sjølvkostfondet pr. 31.12.2015 er positivt med kr. 12 746 000,-. Ved berekning av sjølvkostfondet er inntekter og kostnader i reknekapet fordelt mellom hushaldning og næring og gjenspeilar aktiviteten mellom dei to verksemdsområda.

	Sjølvkostfond	Sum
Sjølvkostfond 01.01.	10 845 000	10 845 000
Årets endring i sjølvkostfond		
Årets resultat overført til sjølvkostfond	1 901 000	1 901 000
Sjølvkostfond 31.12.	12 746 000	12 746 000

Slamhandsaming vert utført på vegne av alle eigarkommunene. Inntekter og utgifter knytta til handtering av slam skal inngå i eit eiga sjølvkostområde i kvar av kommunane, og årets over-/underinndekking er difor overført til fordring / gjeld mot eigarane. Pr 31.12. utgjør gjelda kr. 149 811,- (eks. mva) og inngår i anna kortsiktig gjeld.

Resten av anna kortsiktig gjeld består hovudsakleg av opptente, ikkje utbetalte feriepengar og andre påløpte kostnader.

NOTE 11 EIGENKAPITAL

	Innskudds-kapital	Udekket tap	Sum
Eigenkapital 01.01.	-	-890 732	-890 732
Årets endring i eigenkapital			
Årets resultat etter overføring sjølvkostfond		795 085	795 085
Eigenkapital 31.12.	-	-95 647	-95 647

NOTE 12 INNSKOTSKAPITAL OG EIGARINFORMASJON

Selskapets eigarfordeling pr. 31.12.:

Deltakar	Eigarandel	Stemmeandel
Herøy kommune	36,16 %	36,36 %
Ulstein kommune	32,41 %	27,27 %
Hareid kommune	20,71 %	18,18 %
Sande kommune	10,72 %	18,18 %
Totalt	100,00 %	100,00 %

Stemmeandel gjeld representantskapet som er selskapets øverste organ. Selskapet har ingen innbetalt innskotskapital.

Representantskapet utgjør 11 medlemmar, 2 frå Hareid, 4 frå Herøy, 3 frå Ulstein og 2 frå Sande. I følge selskapsavtala § 4 skal kvar kommune ha eit medlem for kvar påbegynt 2 500 innbyggjar, medan alle kommunene skal minst ha 2 medlemmar.

NOTE 13 GARANTJAR

I samsvar med selskapsavtala er deltakarkommunene Hareid, Herøy, Ulstein og Sande utad ansvarleg for selskapet sine samla forpliktingar i forhold til sine respektive eigarandeler.

NOTE 14 FINANSIELL MARKNADSRISIKO

Selskapet nyttar seg ikkje av finansielle instrumenter med styringa av finansiell risiko.

Renterisiko

Renterisiko oppstår på kort og mellomlang sikt som eit resultat av at selskapets gjeld har flytande rente.



Tel: +47 70 01 81 81
Fax: +47 70 01 81 91
www.bdo.no

Nesevegen 3
Postboks 93
6067 ULSTEINVIK

Til representantskapet i Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Melding frå revisor

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS, som viser eit overskot på kr 2 696 085. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS per 31. desember 2015, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale BDO-nettverket, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MYA.



Melding frå revisor - 2015 - Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS, side 2

Fråsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Ulsteinvik, 14. mars 2016

BDO AS


Einar Giljarhus Løkken
Statsautorisert revisor

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale BDO-nettverket, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MYA.



Redaksjon: SSR Layout: SPIRDESIGN Foto: Martine Holm, Madelaine Pettersen, Otter & Previk Anderson, Shutterstock Trykk: Tinderykk.no - trykt på 100% resirkulert papir



Saman tek vi vare på ressursane



SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Smårisevadet 20, N-6065 Ulsteinvik / Org.nr: NO 987 570 970 MVA / firmapost@reinhaldsverket.no / Telefon: 70 00 70 50 / reinhaldsverket.no